


Helge Sandøy:

Romsdalsmålet

Skisse til ein grammatikk



Bergen 1982

FØREORD

Bakgrunnen for dette heftet er eit kurs for grunnskulelærarar i Ytre Romsdal hausten 1981. Formålet med kurset var å skissere ein grammatikk for romsdalsmålet. Det kom etterpå fram ønske frå deltagarane om eit skriftleg oversyn over det eg tok opp. Her kjem det. Eit slikt hefte som dette kan truleg gje betre oversikt enn notatar frå tavleundervisninga; og det kan kanskje lesast med utbytte som repetisjon.

Omfanget av kurset (og dermed dette heftet) var så avgrensa at eg framleis understrekar at dette er ei skisse til ein grammatikk. Men eg håpar at eg seinare skal få avslutta ei fyldigare oversikt over romsdalsmålet.

Helge Sandøy
Nordisk institutt
Sydnesplassen 9
5000 Bergen

INNHALDSLISTERE

1. INNLEIING	3
2. LYDVERKET	5
2.1. Lydane	5
2.1.1. Vokalane	5
2.1.2. Konsonantane	7
2.1.3. Nokre konsonantsamband	8
2.2. Lydreglar	10
2.2.1. Reine lydreglar	10
2.2.2. Bøyingslydreglar	12
3. FORMVERKET	14
3.1. Substantivbøyninga	14
3.2. Verbbøyninga	19
3.3. Pronomen	23
3.3.1. Personlege pronomen	23
3.3.2. Eigedomspronomen	25
4. SETNINGSLÆRE	25
4.1. Kasusbruk	25
4.2. Om uttrykk for eigedom	26
5. KORLEIS VERKAR GRAMMATIKKMODELEN	28
6. DIALEKTTEKST	30
7. FORENKLA LYDSKRIFT	31

FORKORTINGAR:

adj. - adjektiv	m. - maskulinum (=grammatisk hankjønn)
best.f. (b.f.) - bestemt form	
eint. - eintal	Mbm. - bymålet på Molde
f. - femininum (=grammatisk hokjønn)	n. - nøytrum (=grammatisk inkjekjønn)
flt. - fleirtal	
imp. - imperativ	nemnef. - nemneform (=nominativ+akkusativ)
inf. - infinitiv	pf.pts. - perfektum partisipp
	pres. - presens

1. INNLEIING

Ein 'grammatikk' oppfattar me ofte som ei lærebok med reglar om korleis ord skal skrivast, bøyast osv. Men eigentleg skal denne grammatikken avspegle noko i språket sjølv, nemleg systemet for korleis lydar kan settast saman til ord, og ord til setningar, slik at me kan konstruere ytringar med eit innhald som tilhøyraren kan forstå fordi han kan dei same reglane. Skal språket kunne vere eit kommunikasjonsmiddel, må det nødvendigvis ha eit system (eller ein grammatikk) som både talar og tilhøyrar har felles.

Ein grammatikk er dermed noko som er i språket sjølv. I ei lærebok prøver me å beskrive denne grammatikken. Det er nyttig å ha klart for seg at 'grammatikk' på denne måten kan bety to ting: 1) systemet i språket, og 2) beskrivelse av dette systemet.

Når me seier at alle språk har sin grammatikk, betyr det au at alle dialektar har sin grammatikk. At me til dagleg kallar noko for 'dialekt' og noko for 'språk', er språkleg sett heilt tilfeldig. Det er avhengig berre av politiske og kulturelle forhold. Difor kan me like godt lage grammatikkar (her i betydninga 'beskrivelse av språksystemet) for dialektar som for riksSpråk som tysk, engelsk eller norsk. Det skal me prøve på her.

Nedafor skal me skissere korleis ein grammatikk for romsdalsk kan sjå ut. I ein grammatikk reknar me med fleire komponentar: lydverk, formverk og setningslære. Desse tre komponentane eller nivåa i grammatikken fortel om ulike delar av språksystemet. Men det er til saman dei skal gje dei fullstendige opplysningane som trengst for å kunne lage rette ytringar. Dei tre komponentane fungerer altså saman. Korleis denne grammatikkmodellen vår er tenkt å verke, skal me sjå nærare på i pkt. 5.

I talemålet er variasjonen svært stor. Innafor romsdalsk skiftar dialekten litt frå bygd til bygd. Det skal me kommentere på forskjellige plassar. Men det er ikkje plass her på nokon måte å vere fullstendig. Og i ein del tilfelle manglar me opplysningars til å kunne vere heilt nøyaktige. (Deltakarane på kurset i 1981 gav meg mange nyttige opplysningar. Eg er framleis takksam for å bli gjort oppmerksam på ting som manglar, eller som er gale i dette heftet!)

Men variasjon finn me au innafor éi bygd. Går me nøyaktig nok til verks, snakkar nok ikkje to personar heilt likt. Men skal me vere i stand til å beskrive dialekten, må me oversjå mykje variasjon. Me må generalisere og idealiserer. Det er me i praksis nøydde til, og det må me sjølvsagt vere klar over.

Mykje av variasjonen kjem av at ungdomen tek opp nye språkdrag som eldre generasjonar ikkje har. Slikt er i dag svært vanleg først og fremst der det veks fram nye tettstadar. I stor grad har eg måttta oversjå slike heilt nye drag, både fordi eg vantar fullgod oversikt over kor allmenne dei er, og fordi dei enno ikkje kan seiast å ha festna seg. Språket i den "nyare" typen ungdomsmiljø har ikkje stabilisert seg. Det vil seie at der ein har bryting mellom den tradisjonelle dialekten og nyare språkdrag, avspeglar denne grammatikkskissa den tradisjonelle dialekten.

2. LYDVERKET

2.1. Lydane

Talet på lydar i dialekten skiftar ein del i Romsdal.
På det meste er det tale om 16 vokalar og 25 konsonantar.

2.1.1. Vokalane

Vokalane deler me i monoftongar og diftongar. Monof-
tongane er:

a -	Eks.: <i>mat, laŋn</i> ('mat' m., 'land' n.)
e -	" : <i>let, lett</i> ('lét' pret., 'lett' adj.)
ɛ -	" : <i>lɛt, lɛtt</i> ('leit' imp., 'leitt' pf.pts.)
i -	" : <i>lit, sitt</i> ('lit' imp., 'siddt' adj. n.)
o -	" : <i>sot, sott</i> ('sot' f., 'sott' f.)
u -	" : <i>sut, sunŋn</i> ('sut' f., 'sund' n.)
y -	" : <i>lyt, hytte</i> ('lyt' pres., 'hytte' f.)
ä -	" : <i>lät, hätte</i> ('lèt' pres., 'hette' f.)
ø -	" : <i>løt, bøtte</i> ('løt, lott' m., 'bytte' f.)
œ -	" : <i>rør, røtte</i> ('røyr, rør, f./n., 'røytte' pret.)
å -	" : <i>rår, røtte</i> ('rår' pres., 'rotte' f.)

Diftongane er:

eu -	Eks.: <i>seu, hęusst</i> ('sau' m., 'haust' m.)
ɛi -	" : <i>seɪ</i> ('sei' m.)
øy -	" : <i>høy</i> ('høy' n.)
ai -	" : <i>kaiä</i> ('kaia' f.best.f.)
åi	" : <i>kåiä</i> ('koya' f.best.f.)

Diftongane *ai* og *åi* er lite brukta. Legg merke til at eksemplorda ovafor i ubest. f. eint. heiter *ka-i*, *kå-i*. Der er det ikkje tale om diftong, men om to vokalar i kvar si staving.

Tre av vokalane kan i delar av Romsdal falle saman med ein annen vokal. At *y* fell saman med *i*, er det me har lettast for å bli oppmerksame på. Dette skjer i ein stor del av fogderiet. Men nettopp fordi me legg så lett merke til at *y*-en manglar, kjem han au lett inn att i dialekten. Difor høyrer ein gjerne i same bygdene somme som gjer forskjell på *i* og *y*, andre som har berre *i*. Mens dei første



skil imellom *syge* og *sige*, uttalar dei siste begge orda likt: *sige*.

At folk ikkje skil imellom *i* og *y*, finn me meir og mindre i kommunane Aukra, Fræna, Molde og Nesset. På nordsida av Ottrøya finst au dette. Jamfør kart 1.

I eit noko vidare område gjer ikkje dialekten forskjell på *æ* og *øy* på eine sida og *ɛ* og *ɛi* på hi. Det som somme uttalar som *rər* ('reir, fuglereir' n.) og *rær* ('røyr, rør' f./n.), *həi* ('hei!') og *høy* ('høy' n.), uttalar andre dermed som *rər*, *həi*. Kor vidt dette samanfallet rekk, ser me av kart 2. Nordom Romsdalsfjorden er dette svært vanleg.

Dei områda som er skravert på både kart 1 og kart 2, har dermed tre vokalar færre enn det me skisserte ovafor. Bymålet på Molde manglar *ɛ* og *æ*.

Kart 1. Det skraverte området viser kvar *y* og *i* kan falle saman til *i*.



Kart 2. Det skraverte området viser kvar *øy* og *ɛi*, *æ* og *ɛ* kan falle saman til *ɛi*, *ɛ*.



I behandlinga nedafor kjem me til å skrive etter systemet med flest vokalar. Av det som står ovafor her, skulle det dermed vere råd å slutte seg til uttalen i områda med samanfall mellom to eller fleire vokalar.

2.1.2. Konsonantane

Me kan rekne med desse konsonantane:

- b - Eks.: *båt, labb* ('båt' m., 'labb' m.)
- d - " : *dag, ladd* ('dag' m., 'ladd' imp.)
- g - " : *ladd* ('ladd' m. jf. 'tusseladd')
- f - " : *fat, loff* ('fat' n., 'loff' m.)
- g - " : *syge, rugge* ('syge' inf., 'rugge' inf.)
- đ - " : *pładđe* ('plagget' n.best.f.)
- h - " : *hässt* ('hest' m.)
- j - " : *jorrt* ('hjort' m.)
- k - " : *kake, kakke* ('kake' f., 'kakke' inf.)
- þ - " : *þaþe, baþþe* ('kjakje' m., 'bakke' m.)
- l - " : *sel, vell* ('sjel' f., 'vil' pres.)
- ѣ - " : *set* ('skjel' f.)
- l - " : *fille* ('fille' f.)
- þ - " : *filgle* ('fitle' inf., jf. 'fitle fisk')
- m - " : *mot, tamm* ('mot' n., 'tam' adj.)
- n - " : *not, venn* ('not' f., 'venn' m.)
- ŋ - " : *sann* ('sann' adj.)
- ŋ - " : *sang* ('song' m.)
- p - " : *håp, håpp* ('håp' n., 'hopp' n.)
- r - " : *går, þærre* ('går' pres., 'kjerre' f.)
- s - " : *møse, møsse* ('myse' f., 'misse' inf.)
- š - " : *sor, tušs* ('skjor' f., 'tusj' m.)
- t - " : *hat, hatt* ('hat' n., 'hatt' m.)
- ť - " : *kvitt* ('kvitt' adj. n.)
- v - " : *hav, levver* ('hav' n., 'lever' f.)

Lyden ţ finst berre i Indre Romsdal. Der heiter det f.eks. *kvit * ('kvitt' adj.n.), men *litt* ('litt' adj. n.).

Elles i romsdalsk er *t* berre ein automatisk uttale av *t* etter *ŋ*, *l*, *ɿ* og kort *ɛ* og *œ*:

[kaŋŋt] (jf. om geografisk avgrensing nedafor)
[saŋŋt]
[ɛt̪t̪]
[bræt̪t̪]

Når det er tale om "automatisk uttale" som me kan gje ein regel for, reknar me ikkje "uttalen" som lyd (= 'fonem' i språkvitskapleg terminologi), og me kan like godt skrive berre *t*: *kaŋŋt*, *saŋŋt*, *ɛtt* og *brøtt*.

Bymålet på Molde manglar både *ŋ*, *l*, *ɿ*, *t*, *d* og *ð*. Dessutan har dialekten der *b* i staden for *þ*, dvs. at lyden er uttalt berre med friksjon - og ikkje med stenge - mellom tunge og gane.


2.1.3. Nokre konsonantsamband

Her er rette plassen å kommentere ein del forskjellar i bruken av konsonantane i visse konsonantsamband.

Sambandet *ŋs* og *ŋt* finst berre i Fræna og Aukra kommunar. Jamfør kart 3. Der heiter det f.eks. *daŋŋs*, *saŋŋs*, *kaŋŋt*, *saŋŋt* og *seŋŋt*. I resten av Romsdal er same orda uttalt: *danns*, *sanns*, *kannt*, *sannt* og *sännt*.

Ord som i gammalnorsk hadde nd (og det vil au seie dei aller fleste av orda som i skriftmåla i dag har nd), har fått noko ulik utvikling i romsdalsbygdene. I Fræna og delar av Aukra heiter det *laŋŋ* og *haŋŋ* for 'land' og 'hand'. I resten av Romsdal heiter det derimot *lann* og *hann*. Men kjem det ein vokal etter, held dialekten i søre og ytste strøk på den gamle *nd*-uttalen, slik at det heiter *lannde* og *hannda*. I Molde kommune og delar av Nesset kommune er det ikkje noko slikt skifte mellom *nn* og *nd*. I delar av Aukra og på Søre Bjørnsund finst *ŋŋ* som skiftar med *ŋd*, dvs.: *haŋŋ* - *haŋŋdə*. Kart 4 viser altså fire system i romsdalsk:


- | | | |
|-----------------------------|-------------|---------------|
| 1. Fræna og delar av Aukra: | <i>haɳη</i> | <i>haɳɳa</i> |
| 2. Delar av Aukra: | <i>haɳη</i> | <i>haɳɳda</i> |
| 3. Molde og Nesset: | <i>hann</i> | <i>hanna</i> |
| 4. Søre og ytste strøk: | <i>hann</i> | <i>hannda</i> |



Kart 3. Skraveringa viser utbreiinga av *ɳs* og *ɳt*.



Kart 4. Utbreiinga av dei ulike utviklingane av nd. Jamfør ovafor.



2.2. Lydreglar

Dei lydane me har stilt opp ovafor, har ikkje alltid same uttalen. Etter visse reglar kan uttalen skifte, og ein lyd i eit ord kan gå over til ein annen lyd når han kjem i visse stillingar. Reglane for dette kallar me lydreglar.

2.2.1. Reine lydreglar

Dei reine lydreglane fortel om forandringar som er avhengige berre av lydomgjevnadene. Dei vanlegaste er:

L1. *g* blir til *k*, *l* til *ʎ*, og *v* til *f* føre ustempt konsonant.

Eks.: *trygg+t* → *trykkt*
snill+t → *snilljt*
prøv+t → *prøft*

L2. Når *r* støyter saman med *t*, *d*, *n*, *l* eller *s*, blir dette konsonantsambandet uttalt "halvtjukt" (= 'alveolart'). Lydane i dette sambandet blir dermed ikkje uttalt kvar for seg, dei "smeltar saman" i uttalen.

Eks.: *stortenj* uttalt: [stoʈenj]
kvardag " [kvɑɖag]
barnåʈ " [baɳåʈ]
korlɛs " [kolɛs]
barskog " [baʂkog]

(Teikna ʈ, ɖ, ɳ, ʎ og ʂ treng me ikkje bruke ettersom dei alltid viser til ein uttale av *r + t*, *d*, *n*, *l* eller *s*.)

L3. Når ɿ støyter saman med *t*, *d*, *n*, *l*, *s* eller *r*, blir dette konsonantsambandet uttalt "tjukt" (= 'retroflekst'). Lydane i dette sambandet blir dermed ikkje uttalt kvar for seg, dei "smeltar saman" i uttalen.

Eks.: *måʈti* uttalt [måʈti]
juʈdag " [judag]
soɳegɑɳŋ " [soɳegaɳŋ]
måʈlɛus " [måʈlɛus]
guʈrot " [gurot]
heʈsen " [hesen]

At *t* + *r* "smeltar saman" i uttalen, er ikkje like utbreidd over alt.

På Molde og på Sanden i Aukra blir uttalen "tjukk" av konsonantsambanda som er nemnt i L2 au. Her kan dermed L2 og L3 slåast saman til éin regel. Dette kan òg sjå ut til å vere eit drag som spreier seg i yngre romsdalsk i dag.

L4. Den trykksvake stavinga *-en* blir til *-'n* etter *d*, *ð*, *t*, *s* og *ſ*.

Eks.: <i>vidd+en</i>	→	<i>vidd'n</i>
<i>mådd+en</i>	→	<i>mådd'n</i>
<i>katt+en</i>	→	<i>katt'n</i>
<i>bås+en</i>	→	<i>bås'n</i>
<i>has+en</i>	→	<i>has'n</i>

(Apostrofen i *'n* betyr at *n-en* er uttalt som ei eiga staving.)

I Eikesdalen og øvst i Romsdalen gjeld ikkje denne regelen i 3. klasse av hokjønnssord: *alle bøtten* (*alle bøtt'n* elles i romsdalsk). I desse områda gjeld dermed ikkje dette som lydregel. Regelen må derimot samordnast med pkt. a under BL3 nedafor.)

L5. *æ* blir til *ɛ* føre *þ*, *ŋ*, *ð* og *j* i trykktung staving.

Jamfør skiftingar som:

<i>säkk</i>	-	<i>se᷑᷑in</i> ('sekk' m., 'sekken' m.best.f.)
<i>väŋŋ</i>	-	<i>vęŋŋin</i> ('veng' m., 'vengen' m.best.f.)
<i>vägg</i>	-	<i>vęddin</i> ('vegg' m., 'veggen' m.best.f.)
<i>täŋŋk</i>	-	<i>tęŋŋże</i> ('tenk' imp., 'tenkje' inf.)

Illustrasjonen med desse orda gjeld berre i Fræna kommune og delvis i Aukra. I romsdalsk elles er *ɛ* stort sett gjennomført i alle former i desse orda. Men i denne delen av Romsdal kan me bruke eksempel som:

ręŋŋe - *rännte* ('renne' inf., 'rente' pret.)

(I Fræna kommune og delar av Aukra, som har *ŋt*, jf. kart 3, heiter det sjølvsagt: *ręŋŋe* - *ręŋŋte*.)

2.2.2. Bøyingslydreglar

Bøyingslydreglane fortel om lydforandringar som skjer i bestemte bøyingsformer:

- BL1. *g* blir til *j* (somstad på Gossa til *d*), *gg* til *đđ*,
k til *þ*, *ssk* til *ss*, *ŋŋ* til *ŋŋ* og *ŋŋk* til *ŋŋþ* føre endinga i desse bøyingsformene:
- a) subst. hankj. 1. og 2.kl. eint.b.f. nemnef.: *ståðþin*
 - b) " " " " dativ.: *ståðþa*
 - c) " 2. kl. flt.: *vędđe, vędđin, vędđa*
 - d) " 3. kl. eint. ub.f.: *baðhe*
 - e) " " " " b.f. nemnef.: *baðþin*
 - f) hokj. 1., 2., 4., 5. og 6. kl.eint.b.f.: *saja*
 - g) " 1. kl. flt. ub.f.: *saje*
 - h) " " " " b.f. nemnef.: *sajin*
 - i) inkjekj. eint. b.f.: *russe*
 - j) " flt. b.f. nemnef.: *russa*
 - k) adj. på *-iŋ* eint.: *naðin, naða, naðe*
 - l) verb, sterke perf.pts. eint. og supinum: *tiðin, tiða, tiðe*
- Denne regelen gjeld ikkje i bymålet på Molde. I supinum av sterke verb (dvs. i forma brukt etter hjelpeverbet ha) er regelen heller ikkje konsekvent gjennomført i alle bygder.)


- BL2. Den trykklette stavinga *-en* blir til *-iŋ* etter *þ*, *d*, *s* eller *ji* i desse bøyingsformene:

- a) subst. hankj.: *ståðþten* → *ståðþin*
- b) hokj. 1., 2., 4., 5. og 6.kl. eint.b.f.dativ:*sajin*

Denne regelen gjeld ikkje i Sandøy kommune, og heller ikkje i bymålet på Molde.

(Unnatekne frå denne regelen er altså hokj.-ord 3.kl. som i eint. dativ og i flt. b.f.nemnef. heiter f.eks. *biðhen*.)

Kart 5. Skraveringa
viser kvar BL2 ikkje gjeldt.



BL3. a) Den trykksvake bøyingsendinga *-en* blir til *-'n* etter *ŋ*, *l* og *j*, og etter konsonant + *t*, *n*, *l* eller *r* allstad unнатеke i eint. dativ i 3. kl. hokjønnsord. Samtidig blir au ein kort vokal i rota forlengt.

Eks.: *bal̥+en* → *bal̥'ŋ*

Men altså: *fillen* i eint. dativ av *fille*.

b) Etter vokal, *t*, *n*, *l* eller *r* blir au bøyingsendinga *-en* til *-'n*, unнатеke i eint. dativ i 3. kl. hokjønnsord.

Eks.: *sån+en* → *så'n*

Men altså: *kån+en* → *kånen*

I dette siste punktet gjeld likevel ikkje avgrensinga for 3. kl. hokjønnsord i alle bygdene. I mange bygder kan folk bruke både samandrega og ikkje samandrega form, altså både *kå'n* og *kånen*.

3. FORMVERKET

Endingane *-a* og *-aŋ* blir mangstad i Romsdal uttalt som *-ä* og *-än*. Dette er tydelegast i ytre og nordre delane av distriktet. I somme bygder kan det vere vanskeleg å avgjere om vokalen er *a* eller *ä*. For å kunne gjere oversiktene nedafor enklare skal me halde oss til skrivemåtar med *a*.

3.1. Substantivbøyninga

Substantiva deler me inn i hankjønnsord, hokjønnsord og inkjekjønnsord. Innafor kvar av desse gruppene kan me igjen dele inn i mindre bøyingsklassar.

I bestemt form både eintal og fleirtal skil me i romsdalsk mellom nemneform og dativ. Korleis desse formene blir brukt, skal me sjå nærare på i pkt. 4.1. Bymålet på Moldet har ikkje eigne dativformer; dessutan har det *n* for *ŋ* i endestavingane.

Hankjønn

1. klasse:

	Eintal		Fleirtal	
	Ubest. f.	Best. f.	Ubest. f.	Best. f.
Nemneform	-	<i>-en</i>	-	<i>-aŋ</i>
Dativ	-	<i>-a</i>	<i>-a</i>	<i>-å</i>

Eks.: *labb*, *gut*, *ståkk*.

<i>labb</i>	<i>labben</i>	<i>labba</i>	<i>labban</i>
	<i>labba</i>		<i>labbå</i>

I f.eks. *gut* verkar L4 i eint. best.f.: *gut+en* → L4 → *gut'n*.

I f.eks. *ståkk* verkar først BL1 i eint. best.f., deretter verkar BL2 (unnateke i Sandøy):

Nemneform: *ståkk+en* → BL1 → *ståkk+en* → BL2 → *ståkk+in*

(Men i Sandøy altså: *ståkk+en*.)

ståkk+a → BL1 → *ståkk+a*

2. klasse:

- | | | | | |
|---|-----|----|-----|---------------|
| - | -en | -e | -iŋ | (Sandøy: -en) |
| | -a | | -å | |

Eks.: *gris*, *vägg/vegg*.

I f.eks. *gris* verkar L4 i eint. best.f.: *grisen* → *gris'n*
I Sandøy verkar denne regelen i flt. best.f. au,
ettersom endinga der er -en: *grisen* → L4 → *gris'n*. Elles i
romsdalsk heiter det *grisin*.

I *vägg/vegg* verkar BL1 føre alle bøyingsendingane.

I eint. best.f. verkar dessutan BL2:

vegg+en → BL1 → *vægg+en* → BL2 → *væggen*

I Sandøy verkar ikkje BL2, slik at forma her blir *væggen*. I Fræna og delar av Aukra heiter dette ordet *vägg* i eint. ubest.f. Men her verkar L5 etter at BL1 (og BL2) har verka, slik at bøyingsformene elles blir like med resten av romsdalsk:

vägg+en → BL1 → *vægg+en* → BL2 → *væggiŋ+iŋ* → L5 → *væggiŋ*

Ein del av orda i denne bøyingsklassen kan au bøyast etter 1. klasse. I Mbm. finst ikkje denne klassen, dei tilsvarende orda går etter 1. klasse i staden.

3. klasse:

- | | | | | |
|---|-----|-----------------------|----|-----|
| - | -iŋ | (Sandøy og Mbm.: -en) | -a | -aŋ |
| | -å | | | -å |

Eks.: *baŋ̊e*, *krabbe*.

<i>baŋ̊e</i>	<i>baŋ̊in</i>	<i>bakka</i>	<i>bakkan</i>
	<i>bakkå</i>		<i>bakkå</i>

I *baŋ̊e* verkar altså BL1 i eint. ubest.f. og i best.f. nemneform. I yngre mål i somme bygder verkar BL1 i heile eint. i denne klassen, slik at dativforma blir *baŋ̊å*.

I Sandøy blir forma i eint.best.f. nemnef.: *bakk+en* → BL1 → *baŋ̊en*. I eit ord som *måŋ̊e* blir eint. best.f. nemnef. slik: *måŋ̊+en* → BL3 → *måŋ̊'n* → L3 → [måŋ̊]. Bymålet på Molde har same uttalen, men elles i Romsdal blir forma *måŋ̊in*, ettersom BL3 ikkje kan verke når bøyingsendinga er -iŋ.

Hokjønn

1. klasse:

-	-a	-e	-iŋ	(Sandøy: -en)
	-en		-å	

Eks.: *soł, sag.*

I eint. dativ blir uttalen slik av f.eks. *soł*:
soł+en →BL3→ *soł'n* →L3→ [so'ŋ]

I Sandøy verkar BL3 og L3 i flt. best.f. namnaf. au, slik at det der heiter *soł'n* [so'ŋ], mens resten av romsdalsk har *sołŋ*.

Mbm. manglar denne bøyingsklassen, og dei tilsvarande orda går etter 2. klasse.

2. klasse:

-	-a	-a	-aŋ
	-en		-å

Eks.: *äłłv, häriŋ.*

I eint. dativ av *häriŋ* blir forma slik:
häriŋten →BL1→ *häriŋten* →BL2→ *häriŋin*

I Sandøy verkar ikkje BL2, slik at forma blir *härrinen*. Alle hokjønnsord på -iŋ høyrer til 2. klasse.


3. klasse:

-e	-å	-å/-o/-e	-en
	-en		-å

Mbm. har: -e -a -a -an.

Eks.: *veke, biżże, håče.*

Fleirtal ubest.f. på -e har dialekten i dei ytste distrikta: Sandøy, nesten heile Midsund og vestre delen av Vestnes, jf. kart 6. Endinga -o finn me i dei indre delane av Romsdal og sørrom fjorden. Men det er vanskeleg å avgjere nøyaktig kvar grensa mellom -å og -o går. Dessutan verkar det som -o er på retur til fordel for -å. Frå gammalt har Eikesdalen og Romsdalen hatt -u, men denne endinga vik for -o.



Kart 6. Endinga i hokjønn 3. klasse flt. ubest.f.

Legg merke til at i denne klassen verkar verken BL1 eller BL2. Derfor heiter eintal dativ og flt. best.f. *veken*, *bijøn* → *bijønen*. Som det går fram av BL3, kan den regelen verke i sørme bygder. Men det skiftar mykje. Difor møter me både *håt'en* → *håten* og *håt'en* → BL3 → *håt'n* → L3 → [hå'tn].

4. klasse:

- | | | | |
|---|------------------|-------------------|--------------------|
| - | -a (vokalskifte) | -er (vokalskifte) | -ern (vokalskifte) |
| | -en | | -erå (vokalskifte) |

Eks.: *bok*, *tåŋŋ*, *raŋŋ*.

<i>bok</i>	<i>boža</i>	<i>bøker</i>	<i>bøkern</i>
	<i>božin</i>		<i>bøkerå</i>

I *božin* har BL2 verka, men det gjer denne regelen ikkje i Sandøy, slik at det der heiter *božen*.

5. klasse:

- | | | | |
|---|------------------|-----------------|-------------------|
| - | -a (vokalskifte) | - (vokalskifte) | -en (vokalskifte) |
| | -en | | -å (vokalskifte) |

Eks.: *hann/hanŋ*, *not*, *tåŋŋ*.

<i>not</i>	<i>nota</i>	<i>nøt</i>	<i>nøt'n</i>
	<i>not'n</i>		<i>nøtå</i>

I eint. best.f. dativ og flt. best.f. nemnef. verkar altså L4.

Bymålet på Moldet manglar denne klassen. Dei tilsvarende orda går der etter 4. kl.

6. klasse:

- -na/-a (vokalskifte) - (vokalskifte)-en
-en (vokalskifte)-nå/-å

Eks.: krå, tå, gø.

krå kråna/kråa kre kre'n
krå'n krenå/kredå

I eint. dativ og flt. best.f. nemnef. verkar BL3.

Det er dei indre delane av Romsdal (og Mbm.) som har bøyingsformene -a og -å. Fleirtal dativ utan vokalskifte finst au i somme bygder. Mbm. har flt. ubest.f. på -r.

Inkjekjønn

1. klasse:

- -e - -a
-a - -å

Eks.: hus, egg/ägg.

I eint. best.f. og flt. best.f. nemnef. verkar BL1: egg+e →BL1→ eggje, osv. I Fræna og delar av Aukra, der det heiter ägg, og der L5 verkar, blir tilsvarande former utvikla slik: ägg+e →BL1→ ägg+e →L5→ eggje, osv.

Mbm. kan ha -an i flt. best.f.

2. klasse:

- e -e -e -a
-a - -å

Eks.: äpple, stycke.

Mbm. har denne bøyinga: -e -e -a -an.

3.2. Verbbøyninga

Infinitivsendinga er *-e* unntateke i Eikesdalen og i dei gamle nordmørsbygdene kring Eidsøra i Nesset. Der har somme verb *-a* i infinitiv. Refleksivformene endar på *-st*, og i infinitiv er endinga *-ast*: *brukast, sytast*. I bymålet på Molde endar refleksivformene på *-s*, og i infinitiv er endinga *-es*: *bruks, sytes*. I presens partisipp er endinga dels *-aŋ*, dels *-enes*: *brukaŋ/brukenes*.

Verba deler me i sterke og svake. Dei svake deler me att i desse bøyingsklassane:

1. klasse:

Infinitiv	Presens	Preteritum	Perf. partisipp
<i>-e</i>	<i>-a</i>	<i>-a</i>	<i>-a</i>

Eks.: *kasste, dannse.*

Mbm. kan ha pres. på *-e*.

2. klasse:

-e -e -te -t

Eks.: *dømme, þenje.*

3. klasse:

(p)-e (p)-e (ff)-te (ff)-t

Eks.: *gape, tape.*

Det blir meir og meir vanleg at *p*-en held seg gjennom heile bøyninga. Denne klassen fell dermed saman med 2. klassen.

Denne klassen finst ikkje i Mbm.

4. klasse:

(ŋŋ)-e (ŋŋ)-e (ŋŋk)-te (ŋŋk)-t

Eks.: *reŋne, slengne.*

5. klasse:

(rž)-e (rž)-e (r)-te (r)-t

Eks.: *märrže, värrže.*

6. klasse:

(mn) -e (mn) -e (m) -te (m) -t

Eks.: *nämne, fämne.*

7. klasse:

-e -e -de -d

Eks.: *leve, bygđe/bøgđe*

8. klasse:

(æ) -e (æ) -e (ɛu) -e (ɛu) -t

Eks.: *hære, þære.*

I yngre mål er det au vanleg med -te i pret.: *hęurte*. Mbm. har samanfall med 2. klasse.

9. klasse:

-e -a -te -t

Eks.: *håpe, bruke.*

10. klasse:

-e -e (vokalskifte) -dđe (vokalskifte) -dđ

Eks.: *gręie, bøyε.*

gręie gręie grędđe grędđ

11. klasse:

- - -te -t

Eks.: *täł, sväł.*

Mbm. har inf. på -e.

12. klasse:

- - (vokalskifte) -e (vokalskifte) -t

Eks.: *spør, smør.*

Mbm. har inf. på -e. I yngre mål er det au vanleg med -te i pret. i romsdalsk, dvs. *sportε.*

13. klasse:

-e - -te -t

Eks.: *säte, svømme.*

14. klasse:

- -r -dde -dd

Eks.: *nå, bø*.

Dialekten i Eikesdalen har -dde og -d^d i pret. og pf.pts.

15. klasse:

- (vokalskifte) -r -dde -dd

Eks.: *ro, gro.*

Dialekten i Eikesdalen har -dde og -d^d i pret. og pf.pts.

Desse orda går i Mbm. etter klasse 14.

Dei sterke verba deler me inn på den måten som er vist nedafor.

Her er det vokalskifta i rota av ordet me er interessert i.

1. klasse:

i i e e

Eks.: *bite, skrike.*

Mbm. har ^{bitt}
au i perf.pts.

2. klasse:

i i e i (dd)

Eks.: *gni, ri.*

3. klasse:

y y εu ø

Eks.: *bryte, flyte.*

Mbm. har au forma brutt i pf.pts.

4. klasse:

i i a o

Eks.: *spinne, rinne.*

5. klasse:

ä ä a o

Eks.: *sprätte, dätte.*

6. klasse:

ä ö å å/o

Eks.: slænge, trænge.

7. klasse:

e e a o

Eks.: drekke, sprengje.

8. klasse:

ø ø å å/o

Eks.: sørge/sørgje/syngje, sokke

9. klasse:

ü ð a o

Eks.: ståte, bære.

10. klasse:

a e o e/i

Eks.: dra, ta.

Mbm. har dratt og tatt i perf.pts.

11. klasse:

a e o o

Eks.: fare, grave.

Mbm. bøyer 'fare' slik: färe - fär - for - färt.

Andre sterke verb:

slå	sler	slo	sle/slie
ligge/legge	ligg/legg	låg	lie/lidje
stå	står	sto	ste/stått
æge/äge	eg/äg	åtte/åkte	ått/åkt

3.3. Pronomen

3.3.1. Personlege pronomen

Dei personlege pronomena kan me stille opp slik for stor-delen av Romsdal:

Eintal


	1.pers.	2.pers.	3.pers.
Nominativ	<i>i</i>	<i>du</i>	<i>haŋŋ/en, ho, de</i>
Akkusativ	<i>me</i>	<i>de</i>	" " " "
Dativ	"	"	(<i>hån</i>) <i>nå</i> , (<i>hän</i>) <i>na</i> , <i>di</i> (<i>hän</i>) <i>nå</i>

Fleirtal

	1. pers.	2.pers.	3.pers.
Nominativ	<i>me/vi</i>	<i>de,di</i>	<i>dəi/də</i>
Akkusativ	<i>åss/ås</i>	<i>dåkkå</i>	" "
Dativ	" "	"	" ", <i>därä</i>

Fleirtalformene *di* og *vi* er brukt i Hustad sokn i Fræna kommune og i bymålet på Molde. Jamfør kart 7. Formene *hånnå/hännå* og *häんな* er brukt berre i trykksterk stilling, elles brukar me *nå* og *na*. Forma *en* er trykksvak form av *haŋŋ*: *i såg en i þe*. Forma *därä* i 3. pers. flt. dativ er brukt i Fræna kommune.

Kart 7. Skraveringa viser kvar *vi* er brukt.



For kommunane Sandøy, Midsund og Aukra (jf. kart 8) må dei personlege pronomena stillast opp slik:

Eintal

	1.pers.	2.pers.	3.pers.
Nominativ	<i>i</i>	<i>du</i>	<i>haṇṇ/en, ho, de</i>
Avhengig form (=akkusativ og dativ)	<i>me</i>	<i>de</i>	<i>(hān)nå, (hān)na, di</i> <i>(hān)nå</i>


Fleirtal

	1.pers.	2.pers.	3.pers.
Nominativ	<i>me</i>	<i>de</i>	<i>dəi/də</i>
Avhengig form	<i>ås</i>	<i>dåkkå</i>	" "

Forskjellen frå oppstillinga ovafor er altså at dialekten i dette området i 3. pers. eint. ikkje skil mellom dativ på eine sida og nominativ/akkusativ på hi, men gjennomfører eit skilje nominativ mot akkusativ/dativ i heile oppstillinga (unntake i 3.pers.flt. der berre *dəi* finst).

På Sanden i Aukra er *dåkkå* au brukt som nominativsform.

Kart 8. Skraveringa viser kvar dativ og akkusativ i dei pers. pron. fell saman.



I bymålet på Molde ser formene slik ut:

	Eintal			Fleirtal		
	1.pers.	2.pers.	3.pers.	1.pers.	2.pers.	3.pers.
Nominativ	<i>i</i>	<i>du</i>	<i>hann/en, ho, de</i>	<i>vi</i>	<i>dåkker</i>	<i>däm</i>
Avh. form	<i>me</i>	<i>de</i>	" " " "		" "	" "

3.3.2. Eigedomspromomen

Eigedomspromomena for eint. 1. og 2. pers., flt. 1. pers. og det refleksive bøyest i kjønn, tal og kasus etter ordet dei står til. *Minη*, *dinη* og *sinη* bøyest slik:

	Eintal	Fleirtal	
	1.pers.	2.pers.	3.pers.
Nemneform	-iηη	-i	-ett
Dativ	-ine	-ine	-ine
Bymålet på Molde har -itt i eint. inkjekjønn.			"
Pronomenet <i>vår</i> bøyest slik:			
	vår	vår	vårt
	våre	våre	våre

4. SETNINGSLÆRE

4.1. Kasusbruk

Me må skilje mellom dei tre kasusa nominativ, akkusativ og dativ i romsdalsk. Substantiv og pronomen bøyest i desse kasusa slik det er vist i kap. 3. Når nominativ og akkusativ fell saman, snakkar me om nemneform. Det gjeld i all substantivbøyning. I dei personlege pronomena fell i fleire tilfelle akkusativ og dativ saman, då kallar me forma avhengig form.

Nominativ er brukt i subjekt, i predikativ ("predikatsord") og i samanlikningsledd når ein samanliknar med subjektet:

Subjekt: *I* þäm snart.

Båt'n þäm snart.

Predikativ: *De* va sekkert *du*.

De va sekkert na *båt'n* der.

Samanlikningsledd: *Ho* et mēr ęηη i.

Akkusativ er brukt i direkte objekt etter dei aller fleste verba og i preposisjonsuttrykk ("komplement") etter nærmare reglar:

Direkte objekt: *I* ser dåkkå.

I ser ma'η.

Preposisjonsuttrykk: a) alltid etter somme preposisjonar, f.eks. *om* og *jønå*:
Dəi spraŋŋ jønå viŋŋdue.
I kuŋŋe iħħe så jønå o (=rutå).
b) etter visse preposisjonar (f.eks. *oppå*, *frammi*) for å uttrykkje betydnинга 'til stades':
Haŋŋ jekk oppå taħe.
Båt' n stāŋŋa frammi kaia.

Dativ er brukt i indirekte objekt ("omsynsledd"), i direkte objekt etter visse verb, etter visse adjektiv og adverb, og i preposisjonsuttrykk etter nærmere reglar:
Indirekte objekt: *Haŋŋ må nakk je na Kari hęle äppče.*
Ga 'n na o?

I direkte objekt etter f.eks. *jätipe*, *føt*:

Haŋŋ jäti te guta sine.

Etter adjektiva *lik* og *fri*: *Haŋŋ e so lik fara.*

Etter adverba *nere* og *kvitt*: *Bli de kvitt fessa i dag?*

Preposisjonsuttrykk: a) alltid etter somme preposisjonar,

f.eks. *frå*, *imylldå*:

Me spraŋŋ ifrå hęlę oppvasa.

b) etter visse preposisjonar (f.eks. *oppå*, *frammi*) for å uttrykkje betydnинга 'på staden':

Haŋŋ jekk oppå taħa.

Båt' n stār frammi stend no.

4.2. Om uttrykk for eigedom

For å uttrykkje eit eigedomsforhold (somme tider kalla "genitiv") brukar me 1) preposisjonen *dt*, 2) det refleksive eigedomspronomenet *siŋŋ*, eller 3) andre eigedomspronomen:

- 1) *båt' n dt bonndå*
- 2) *bonndiŋ siŋŋ båt*
- 3) *båt' n hass Knut*

Slike uttrykk brukar me berre når det er tale om eigedom. Eit uttrykk som **skuṭin sett arrbęi* (jf. "skolens virksomhet/arbeid" på bokmål) går ikkje på romsdalsk nettopp fordi det ikkje er tale om eit eigedomsforhold. (Det måtte heller heite: *arrbęie på skuṭå*.) Derimot går *tommتا åt skuṭå* eller *de e skuṭin si tommt*, fordi det her er snakk om eigedom.

Preposisjonen *åt* brukar me når den som eig, er uttrykt med eit samnamn. Er eigaren uttrykt med eit særnamn (medrekna slektskapsorda 'far', 'mor' osv.), brukar me *hass* og *na* + namnet: *huse na mor*.

Begge desse to uttrykksmåtane er "nøytrale", dvs. at dei framhevar ikkje noko. Skal me derimot framheve den som eig, i motsetning til nokon annen som enten er nemnt eller kjent i talesituasjonen, brukar me uttrykk med *siŋŋ*:

Ta e bonndinŋ siŋŋ båt. (Dvs. 'ikkje min' f.eks.)

Ta e hass Knut siŋŋ båt. (Dvs. 'ikkje Ola sin' f.eks.) Desse to setningane brukar me altså berre når det er underforstått at det er i motsetning til andre båtar som andre eig. Elles brukar me dei "nøytrale" uttrykksmåtane med *åt* eller *hass* og *na*.

5. KORLEIS VERKAR GRAMMATIKKMODELEN?

Ein grammatikk skal gi oss opplysningar om det som er generelt i språket. Det som er spesielt for eitt ord f.eks., må me få opplyst for dette ordet i lista over ordforrådet i språket (kalla ordbok eller leksikon). Men når eit drag gjeld fleire ord, er det unødvendig å opplyse om det same for alle orda. Ein kan berre vise til ein regel eller ein bøyingsklasse i grammatikken.

Dei generaliseringane som grammatikken altså inneheld, har ulik verkemåte og ulikt verkeområde. Det kjem fram både i sjølve utforminga av reglane og av kva komponent (eller nivå) i grammatikken regelen høyrer heime i. Difor er me nøgne med kvar me plasserer reglane i grammatikken.

Men dei grammatiske reglane "fløkjer seg inn i kvarandre". Det er ofte fleire reglar til saman som gjev oss dei nødvendige opplysningane som trengst for å konstruere den rette forma eller det rette uttrykket. Nedfor skal me sjå korleis den grammatiske modellen i dette heftet er tenkt å fungere.

Om me skal lage ei setning med innhaldet 'Han må følgje jenta si på toget', arbeider me oss slik igjennom grammatikken:

1) Først hentar me rette orda frå ordboka, og derifrå kjem au spesielle opplysningar, f.eks.:

- a) *mått-* er eit modalt hjelpeverb; det har uregelrett bøying og heiter *må* i presens.
- b) *føłt-* er eit svakt verb; det bøyest etter 11. klasse.
- c) *jännt-* er eit hokjønnsord; det bøyest etter 3. klasse.
- d) *tåg-* er eit inkjekjønnsord; det bøyest etter 1. klasse.

2) Deretter fortel reglane i setningslæra oss at

- a) eit modalt hjelpeverb krev at hovudverbet står i infinitiv.
- b) *føłt-* krev at det direkte objektet står i dativ.
- c) preposisjonen *på* styrer akkusativ når betydninga er 'til staden'.

- d) subjektet skal stå i nominativ.
 - e) eigedomspronomen som står til eit substantiv, skal svarbøyast med det i tal, kjønn og kasus.
- 3) Frå formverket får me desse opplysningane:
- a) personleg pronomen 1. pers.eint. nominativ heiter *haŋŋ*.
 - b) svake verb 11. klasse har inga ending i infinitiv, altså heiter det *føt*.
 - c) hokjønnsord 3. klasse eint. best.f. dativ endar på *-en*, altså fær me *jännt+en*.
 - d) *siŋŋ* heiter i eint. hokjønn dativ *sine*.
 - e) inkjekjønnsord 1. klasse eint. best.f. nemneform (=nominativ + akkusativ) endar på *-e*; dermed heiter det *tåg+e*.

4) Og til slutt verkar lydreglane:

- a) L4 gjer at *jännt+en* blir til *jännt'n*.
- b) BL1 verkar på inkjekjønnsord klasse 1 i eint.: *tåg+e* → *tåje*.

Og dermed har me opplysningar som gjer at me kan slutte oss til rette uttrykket i romsdalsk:

Haŋŋ må føt jännt'n sine på tåje.

Korleis setningar blir konstruerte i hjernen vår før nervesellene set i gang visse muskelrørsler i taleorganene, veit me nesten ingenting om. Den grammatikkmodellen me har laga oss, er berre eit hjelpemiddel til å beskrive dei forskjellige generaliseringane som gjeld i språket. Og at slike generaliseringar gjeld, og at språket ikkje er berre ei samling enkeltord, ser me godt når nye ord kjem inn i språket. Etter ei "tilpassingstid" føyer dei seg inn: Det engelske ordet jazz heiter no *jass*, og L4 verkar på det i eint. best.f. nemneform: *jass+en* → *jass'n*. Ordet truck er forholdsvis nytt, men eg har lagt merke til at det alt har begynt å tilpasse seg: *trukk+en* → BL1 → *truh+en* → BL2 → *truhinŋ* i eint. best.f. nemneform, og: *trukk+a* → BL2 → *truh+a* i eint. best.f. dativ.

6. DIALEKTTEKST

Frå Fræna kommune. Forteljaren er fødd i 1891. Etter opptak gjort i 1980.

Jeu, de, de va ei
sæte so, lisstersæte so 'n far å 'n fabro þøppte søppå
Sørlande, de. Jeu då. Døn̄ ha me i to år, å sätte døn̄
te =e= te en Benjamin Małe nårå, nårå Vikå. Å då
bestegglte dei en, en kłaverbåt tå nå Brassta. Han̄ va
suåtredve fot. Kłaverbåt. Å i truł de, de ätt dei ga
tåłtvhoñeråfämmti kronå hukefärdi fär en kłaver-, däkksbåt
på suåtredve fot. Hukefärdi, d- e de same so ätt dei skulle
ha masstriñ å beslag. Männ dei skulle =e= lage tøuvärje sot,
ja. So de va. Hukefärdi hette de. De va masstriñ mä
beslag å slektt nåkkå. Å beslag på båtā, de va lekko hukiñ,
de.

Å i hus- på fösste gån̄d i skulle var- mä, få, få
var- mä på sy'n på, på sæt'n =e= ut ätte seiä en sommår.
De va fin, fint ver når me for utåver. Døn̄ va so lettsełt,
døn̄. De va arrti å var- mä nä, vøt du, fär ho =e= so
snart de-. Døi ha ett täppsägeł so va so tyñ̄ duk ätt når du
fekk opp täppsägłe, so föllä de se ut, de, lekko, sto so
i en båje. = Står so en balåñ̄. Å, å o for färbi alle sa
hine =e= båtäns so iżże ha slik, slektt täppsägeł.

Å de va tyñ̄e säggeł ells en på dei sæt'n. Døi ha
'n sommarrlegg, dei kallä. Å i varrt mä ut ja, å = å dro
sei, ja. Dro måñ̄e seiä. Å so fłoä 'n opp når de le på
nattä, fłoä 'n opp so besättä. Å so ha strøumen bore nåråver
Gryñ̄e, so me, du nådde iżże, grødde iżże å lägge 'n opp
åvom Fłuä so me kåmm opp te Bu, allso. So me måtte järe
vøn̄ne-, vøn̄niñ ut-, utfär Fłu'n, utfär Kåłtłbenfłu'n, allso
søvåsståver.

Å i varrt jagä neri lugar'n. Å, å i la me naturlevis
ne i lekåjä når me jekk iññåver. = Å so måtte dei vøn̄ne å
snu väsståver. Å då vakknä i mä di ätt i låg nepå dårržä
i lag mä åmmnä å rør'n å høle gr-. Å i sku-. Å, å, å de

surrkṭä no vatt'n, vët du, omm, omm, omm, oppå därrhä då
fär o släñj so frøkktele. Å i rës på, på, på = å nëi. Då
ha dëi spikrä jänn, eller =e= sätt lás fär, fär dörä. =
Kåmm iþþe opp, va iññestäññkt. Ja, ja. So måtte i no lägge
me borrti lekåjä då. Å der låg i no, å håppä, då. Sto
vässtäver ëi lañj ri mä o, før dëi snudde jänn. Å då måtte
i krype iññi lekåjä jänn. Å i, i såmmna no. Når me kåmm
iññ, so, so såv i. Slik va de.

Denne teksten er ei avskrift av natuleg tale, og difor finn
ein mange oppattakingar, uavslutta ord (merkt med -,) og uav-
slutta setningar (merkt med -.), og ein del lengre pausar
(merkt =).

7. FORENKLA LYDSKRIFT

I lydskrifta me har brukta ovafor, har me praktisert eit prin-
sipp om at éin lyd skal skrivast med éin bokstav. Bokstavane
har me henta frå det norske lydskriftalfabetet Norvegia, som
inneheld teikn for dei lydane som manglar bokstavar i normal-
ortografiens vår.

I mange tilfelle kan me ikkje bruke slike ekstra-
bokstavar, fordi skrivemaskiner manglar dei, eller fordi det
er både unødvendig og forvirrande for elevar eller andre
å innføre ukjente bokstavar så lenge dei ikkje skal bli
"språkspesialistar". Difor treng me ein "enklare" måte
å skrive dialekten på.

Me løyser dette med å innføre teiknkombinasjonar for
ein del av lydane i dialekten. Men for at forenklinga ikkje
skal gå utover det eintydige i skriftbildet, må me bruke
kombinasjonane konsekvent. På ei vanleg skrivemaskin kan
me halde oss til desse skrivemåtane:

a	= a	h	= h
e	= e	j	= j
ɛ	= ä	k	= k
i	= i	ʈ	= kj
o	= o	l	= k
u	= u	l	= lj
y	= Y	ʎ	= hl
ä	= æ	ʈʃ	= f
ø	= ø	m	= m
œ	= ð	n	= n
å	= å	ɳ	= nj
ai	= ai	ɳ	= ng
ɛi	= ei	p	= p
ɛu	= au	r	= r
œy	= øy	s	= s
åi	= åi	s	= sj
b	= b	t	= t
d	= d	ʈ	= tj
ɖ	= dj	v	= v
f	= f		
g	= g		
ɖ	= gj		

Første avsnittet i teksten i kap. 6 ser slik ut med denne lydskrifta:

Jau, de, de va ei

sjøte so, lisstersjøte so 'n far å 'n fabro kjøpptे søppå Sørlannje, de. Jau då. Dännj ha me i to år, å sæfte dännj te =e= te än Bennjamin Maße nårå, nårå Vikå. Å då bestähhlte dei än, än kæaverbåt tå nå Brassta. Hannj va sjuåtredve fot. Kæaverbåt. Å i truf de, de ætt dei ga fåfævhonnjeråfæmmti kronå hukenfærdi fær än kæaver-, dækksbåt på sjuåtredve fot. Hukenfærdi, d- e de same so ætt dei skullje ha masstrinj å besjlag. Mænn dei skullje =e= lage tauværkje sjøf, ja. So de va. Hukenfærdi hätte de. De va masstrinj mæ besjlag å sjlekkt nåkkå. Å besjlag på båtæ, de va lekkso huking, de.